Jonsokfeiring rundt i bygda

24.06.2016

Tre flotte jonsokbruder ved Fjellandsbøvatnet

Det var ein strålande midtsommarskveld i går, og det vert meldt om mange bål rundt i bygda. Ved Fjellandsbøvatnet var det tradisjonen tru stor fellesfeiring med mykje folk. Meir enn 50 møtte opp ved det idylliske vatnet, og sjølvsagt venta dei på statsminister Erna Solberg etter at det vart annonsert 1. april at ho skulle delta.

Flott jonsokbål ved Fjellandsbøvatnet

Men i fråværet til Erna møtte det opp ikkje mindre enn tre flotte jonsokbruder som de ser på biletet øverst.
Gjester frå Nederland som bur i huset til Møyfrid og Anders Kristoffersen på Heio denne veka, kom og innom.
Jonsokfeiringa i Norge var noko heilt nytt for desse turistane. Ved hjelp av google hadde dei funne ut at denne feiringa var noko som høyrde heime i Norden. Elles vert det meldt om ei svært koseleg feiring ved det idylliske vatnet der det også er kome opp ein flott gapahuk siste året.
Bondelaget har også hatt ei stor jonsokfeiring siste åra, men i ei travel tid for bøndene, hadde dei ikkje noko i år. Derimot heldt dei tradisjonen i hevd på Skansen der det var feiring med bål, rjomagraut og trekkspelmusikk.

Denne artikkelen kan verta utvida dersom fleire sender oss bilde og tekst frå feiringa utover dagen.

På Skansen var det trekkspelmusikk ved bålet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Møyfrid Kristoffersen, Lars Lidvard Øyjord og Kjell Yri